



Tendens til kø mot slutten av valet i kveld.

Då grovtellinga var unnagjort ved 19.30-tida i kveld viste den at det likevel ikkje hadde vore nokon betydeleg stemmeauke ved valet i bygda. Det var avgitt 390 stemmer ved kommunestyrevalet i Aktivitetshuset, nesten eksakt det same som for 4 år sidan. Men det var nokre fleire førehandsrøyster denne gongen.



Stemmestyret i gang med tellinga i kveld

Valet for 4 år sidan i Uskedalen enda på ein frammøteprosent på 59 etter ein auke frå 53 som tydde jubom plass i kommunen.

No håpa dei optimistiske på ein auke som kanskje ikkje kjem likevel.

- Dette er framleis eitt for svakt resultat. seier stemmestyremedlem Bjørgulv Eik til uskedalen.no ikveld.

Riktignok var det godt frammøte med tendens til kø mot slutten av valet i kveld, men stemmestyret peika på at kvar einskild velgjar brukte lenger tid i avlukket enn tidlegare og dermed vart det kø. Avviklinga gjekk likevel relativt raskt .

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen